

Referat SU (samarbeidsutvalet) Engelsvoll barnehage og skule

Tid: 09.05.23

Stad: Rom 7, Engelsvoll skule

Deltakarar:

Sandra Hageland, elevrepresentant - forfall

Celine Larsen Meland, elevrådsrepresentant- forfall

Brit Turid Nesse, tilsettrepresentant

Karoline O.F. Barka, andre tilsette i skulen

Heidi Martby -Skogsholm, FAU-representant skule

Torunn Grude, FAU-representant skule

Benedicte Vik Reime, FAU-representant barnehage

Kirsten Oddane Steinnes, FAU-representant barnehage

Inger Ølberg Lode, styrar barnehagen

Svein Egil Fatnes, tilsette barnehage

Tonje Lindland, tilsette barnehage

Kjersti Olimb Salte, kommunerepresentant – forfall

Linda Refvik, rektor

Sak nr. :	Sak:
15/22-23	Innkalling og sakliste godkjend
16/22-23	Protokoll godkjend
17/22-23	Orienteringssaker frå: <u>Info frå elevrådet:</u> - «Kantine» for elevane 3.-6.steg har fungert godt, både bestilling og utlevering. Under halvparten av foreldra har betalt. Vi er inni siste rullering frå veke 19. Rektor sender ny påminning til foreldre om betaling. - Hei Verden! Aksjonskveld torsdag 01.06. 2023 kl 17.00-19.00 - elevrådet skal ha kino med popcorn i rom 7, film i ca 17 min, tre

framsyningar kl. 17.30, 18.00, 18.30, inngang kr 10 (*merknad: vi har i etterkant sett oss nøyd til å flytte aksjonsdagen pga at det kolliderer med eit anna arrangement for barn og unge, konsert på Bryne. Ny dato vil bli sendt ut i Visma*).

- Engelsvoll talentiade: Alle elevane kan melde seg på audition veke 21 (3 i dommare, 10 går vidare), talentiaden onsdag 14.06.2023 1.-2.økt (5 dommarar, premie til 1.-3.plass). Informasjon med praktiske opplysningar, kriteria, dommarar, premier osv er formidla til alle steg. Kontaktlærarane har fått info skriftleg.

Info frå FAU skule:

Vi hadde foreldremøte 18. april med føredrag i gymsalen med mobbeombod Marit Roth om inkludering. Etterpå gjekk vi ut på stega der vi drøfta vidare dette med sosiale medier, inkludering ol. Nokre steg hadde dialogspelet og vi opplevde det som ein kjekke kveld med stort engasjement.

Siste FAU - møte var 9.05.23 der vi bla fekk på plass dei fleste verva til neste skuleår. Vi fortset med 8 møter neste skuleår à 8 møter.

Info frå FAU barnehage:

Det er arrangert foreldremøte der tema var fyrstehjelp. Vi har planlagt 17. mai; bla kven gjere kva. 14. juni er det sommarfest i barnehagen. Det blir eit arrangement der vi og markerer 20 årsjubileet. I år blir sommarfesten eit litt større arrangement der FAU samarbeider med personalet i barnehagen.

Info frå SFO:

Vi er i gang med ferieplanlegging. Vi held på med ein del formingsaktivtetar knyta til 17. mai. Vi skal starte opp med tur tysdagar. Vi kjem til å sende ut godkjenning til foreldre om ungar kan gå direkte heim frå turen eller om dei må tilbake til skulen. Vi arbeider med "teikn på god praksis i SFO" saman med dei tilsette. Vi har gode prosessar på dette. Vi ynskjer og å arrangere foreldre kafé.

Spørsmål angående 17.mai må rettast mot 17. mai-komitèen ved Hilde Grude 48226139. Torunn tek kontakt med ho ang. Organisering, bla utdeling av faner. Benedicte kan ta kontakt for å legge fram ynskjer frå barnehagen.

Inof frå skule:

Line Hansen Eide har takka ja til stilling som avdelingsleiar på Bore skule. På Engelsvoll er vi tildelt 1,4 stilling til leiing. Fekk tildelt ei 50% stilling ekstra dette skuleåret, men det blei ikkje vidareført pga skulestorleiken er ressursen slik. Veit at skulesjef arbeider for styrka skuleleiing. Vi opplever at styrka skuleleiing blant anna sikrar at alle 9A-saker blir fulgt opp på ein sær s god måte, meir leiing gjere det mogeleg for å kunne delta meir saman med kontaktlærarar på samarbeidsmøte med andre instansar og i vanskelege elevsaker. Med tanke på kommande skuleår, må vi i leiinga sette oss ned og sjå på fordeling av oppgåver og ansvar. Vi har allereie nokre tankar om at ein av miljøveiledarane vår skal ha meir ansvar og oppfølging i 9A-saker og i gjennomføring av monitorering, pedagogiske analyser på steg og på enkeltelevar. Denne veka lyser vi ut ei fast lærarstilling. Kabelen for neste år er difor ikkje heilt i boks.

Vi får 3 nye touch- skjermar, der vi ikkje treng å ta av eige budsjett.

Vi er i gang med å sette retninga for utviklingsområda neste skuleår: Kjernekomponenten vi skal ha fokus på er "Den engasjerte elev". Skuleleiinga i Klepp har vore på studiebesøk i Cambridge der vi har sett på Oracy og Lesson-study. Dette var inspirerande og det vi lærte der er relevant for korleis vi skal jobbe med profesjonsutvikling neste skule år.

Inof frå barnehage: Vi er inne i ei tid med mange overgangar. Dei små skal venne seg stor avdeling og det er besøksdagar for nye born. Løvane skal til skulen og vi skal ha trekantsamtalar om overgang barnehage –skule. Vi skal på ein del turar skal der vi skal ta tog. Vi skal til Vitenfabrikken, Soma gård, Vitengarden. Vi ser stor verdi i å komme ut av barnehagen og oppleve ting. Vi held på med 20 årsjubileet for barnehagen, årsplan og personalkabelen. Dette lever heilt fram til oppstart i haust. Årsplana blir ikkje så veldig endra frå islik den er i år. Vi ser at vi treng fleire tiltak inn mot dei yngste.

Økonomi: Vi går med 2,2 årsverk over og det gjere at vi har eit stort underskot pga lite sjukefråvær. Vi havnar ca på ei stilling over.

Vi har hatt utviklingssamtale med rådgjevar og barnehagesjef. Der skulle vi skåre oss sjølve på rødt, gult og grønt. Vi sette oss på grøn på mange områder. Det er sjølvsagt noko på gul/grønt og gult på kompetanse.

	<p>Både skule og barnehagen har hatt tilsyn på brann. Der fekk vi toppskåre. Barenhagen har og hatt tilsyn på miljøretta helsevern, HMS for ungene. Alt var fint.</p> <p>Ein merknad som vi må drøfte på neste møte: Det gjeld parkeringsplassen nede ved barnehagen som blir delt mellom skule og barnehage. . Skulen parkerer mot Frøylandsvatnet og barnehagen mot veien. Det gjere at det blir ein god passasje der. Viktig at vi minner dei tilsette om dette. Det er fremma forslag om å ta ein dugnad på dette til hausten, der FAU skule er trafikkvakter for å minne foreldre på at dei ikkje må sleppe ungar som er i skulen av på parkeringsplassen pga trafikksikkerheit.</p> <p>Kommunal representant/folkevald: ingen til stades på møte pga at kommunestyremøte vart flytta.</p>
	Eventuelt:
18/22-23	<p>Kva er prosedyrar når det oppstår hendingar på arrangement på skulen i regi av FAU?</p> <p>Det kan vere utagerande born, det kan vere ulykker ol som skjer. Kva gjere ein i slike situasjonar? Kva gjere ein når ein ikkje får tak i foreldre? Det som blei gjort var at Fau-leiar rapporterte til rektor. Kva gjere ein i sjølve situasjonen?</p> <p>Svar: Dette er fritid og ein må då nytte dei hjelpeinstansa som er: 110,112,113, evt vakttelefonen til barneverntenesta dersom ein ikkje får tak i omsorgspersonane til barnet. FAU vil drøfte dette vidare på eit av FAU-møta til hausten.</p>
19/22-23	<p>Ynskjer om innspel på årsplan SU 2023/2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> - møtetidspunkt: Vi må passe på at SU ikkje kollidere med kommunestyremøte. Vi vil prøve å få endra til FAU 17.30/SU 18.30/SMU 19.30. - relevante saker som bør drøftast i SU: <p>Vi kan prøve å korte inn tida på informasjon. Gjerne sende inn info i forkant slik at det kan komme med i innkallinga og evt drøfte derifrå.</p> <p>Ynskje frå barnehagen: Su -møte i juni i staden for i mai. I juni har vi drøfta utviklingsplanar. I mai er ikkje planane ferdige.</p>
20/22-23	<p>Ferielukking SFO: Kvifor er det ikkje 4 heile veker i staden for heile juli? Dette gjere kabalen og ferieavvikling for foreldre og tilsette vanskeleg.</p> <p>Dette er kommunalt bestemt og SFO-leiar vil ta dette vidare på neste SFO-leiarmøte.</p>